



# Omvikdalens Bygdekvinnelag

## Årsmelding 2014 – 2015



## **Årsmøte 2014**

Årsmelding og rekneskap vart godkjent. Styret fekk fullmakt til å driva innanfor dei økonomiske rammer ein har til rådvelde. Det vert ikkje kravd inn lokal kontingen. Årsmøtet kom med innspel til styret om aktivitetar i laget.

## **Styret 2014 – 2015**

Leiar: Helga Fossheim  
Nestleiar: Lene Vangberg Monsen  
Kasserar: Else Margrethe Helleland  
Skrivar: Grethe Brundtland  
Studieleiar: Solveig Hellesøe Sandvik  
Styremedlem: Marian Thunold

1.vara.: Astrid Bjørnebøle Hass  
2.vara.: Else Marie Huse  
3.vara.: Tone Bakka

## **Valnemnd**

Leiar: Esther Falk  
Medlem: Hanna Bakka  
Vara.: Birgit Hjelmeland

## **Turnemnd**

Leiar: Mette Guddal  
Medlem: Tove Apeland  
Vara.: Ingvill Gåsemyr Sæberg

## **Revisorar**

Målfrid Lønning  
Målfrid Haugse

## **Styret sitt arbeid**

Det har vore halde 11 styremøte. Styret har lagt vekt på å

- oppretthalde og auke aktivitetane i laget, etablere nye aktivitetar.
- nytte avisene til informasjon og til å gjere laget betre kjent.
- rekruttere nye medlemer.
- samarbeide med andre organisasjonar.

## **Medlemsmøte**

Dei fleste møta har vore ope møte med eit tema. Dei andre møta har vore medlemsmøte.

12.11.14 Førjulsaktivitetar der ein laga enkle juledekorasjonar.  
10.12.14 Julemøte i RauaLøo. Festmåltid med betasuppe, kremkake og kaffi. Quiz og pakkeleik.  
08.01.15 Ope møte, Foredrag om KOLS v/lege Birgit Zimmermann.  
11.02.15 Ope møte. Foredrag: «Lytt til kroppen sine signal. Korleis gjer ein det.»  
v/fysioterapeut Inger Norland



- 11.03.15 Ope møte med inviterte gjester frå Internasjonalt kvinneforum i Åkra og frå vaksenopplæringa. Program: «Korleis eg opplevde å koma til Norge» v/innflytta kvinner. Film: «Alle mine draumar» Flykningar i møte med norsk kultur. Servering av thailandsk mat.
- 15.04.15 Ope møte. Ljusbileteforedrag: «Urter og staudar til pryd og nytte» v/Kari Opedal



- 20.05.15 Natursti i Åsen med 8 postar. Samling i lavvoen, servering av spekemat og flatbrød.
- 09.09.15 Ope møte. Ljusbileteforedrag om bygdekvinnelaget sitt prosjekt i Mosambik v/Grethe Brundtland



**Tur**

30.05.15

Tur til Røvær, ei vakker øy utafor Haugesund som møtte oss med strålande sol og skyfri himmel. Guida omvising med informasjon om øyas historie og livet i dag. Kulturhotellet på øya er kjent for å ha verdas beste komler, noko vi og fekk oppleve.

**Kurs**

Vår-15

Kurs i brannvern



Haust-15

Planlagt soppkurs med Bente Bendiksen og lege Geir Flatabø. Kurset vart avlyst pga mangel på sopp.

**Strikkecaf **

23.10.14

20.11.14

05.02.15

26.03.15

24.09.15

Hausten 2014 innleia bygdekvinnelaget eit samarbeid med garnbutikken «Ein bl  tr d» Denne kjem med garn og oppskrifter p  kaf kveldane. Strikkecaf ane er eit popul rt tiltak som samlar b de medlemmer og ikkje-medlemmer.



## **Lesering**

Med hjelp frå biblioteket vart det i oktober 2013 starta lesering med 7 deltarar. Desse har møttest omlag ein gong i månaden heime hos kvarandre. Gruppa har sjølv valt kva for bøker dei har ønskt å lese.

## **Middag i barnehagen**

På førespurnad frå Omvikdalen barnehage har medlemmer av laget laga middag saman med barna i barnehagen 3 gonger vår en 2015 og 1 gong i haust. Det er planlagt 2-3 fleire middagar i løpet av hausten. Laget har tatt kostnadene med råvarene til 2 av måltida. Det er no søkt om støtte frå Kvinnheradstiftinga til å halde fram med dette prosjektet.

## **Matlaging og servering**

Ved fleire arrangement har laget stått for matlaging og servering.

29.nov.	Jul i Rosendal. Risgraut og saft.
27.febr.	Årsmøte Tine Betasuppe, mjølkekaker og kaffi.
10.mai	Sesongopning i Steinparken Kaker, kaffi og saft.
12.juni	Dronningbesøket i Rosendal. Mjølkekaker og kaffi.
22.aug	Opning av laksetrapp i Guddalselva Bygdekvinnelaget laga mjølkekaker og serverte på vegner av elveeigarlaget.

## **Vitjing frå andre bygdekinnelag**

Helga 21.-23.august var ei gruppe frå Rauland bygdekinnelag på vitjing i Rosendal. Vi hadde følgjande program for dei på laurdagen: Lunsj hos Brødkreppa, vitjing av Galleri Guddal og opning av laksetrappa i Guddalselva.

## **Samarbeid med andre lag**

Samarbeidsprosjektet mellom Omvikdalen Bygdekinnelag og Kvinneherad Sogelag om kartlegging av tidlegare vaskeplassar i Omvikdalen starta i 2014 og held fram også i 2016.

Helselaga på Løfallstrand, i Rosendal og på Seimsfoss har vore særskilt invitert til nokre av møta våre. Omvikdalen Bygdekinnelag har gitt økonomisk støtte til prosjektet Handicapheis i bassenget ved Rosendal ungdomsskule, eit prosjekt leia av Rosendal helselag.

Kulturminnedagen i september vart arrangert av Omvikdalen Bygdekinnelag i samarbeid med Kvinneherad Sogelag.

## **Stønad frå laget**

Laget har ytt stønad til følgjande:

Lauvsprett 4H	kr. 1000 gavé v/årsfest, Else Margrethe Helleland representerte OBK
Kvinneprosjekt i Mosambik	kr. 2000
ACWW	kr. 500
Handicapheis	kr.10500

## Omtale i pressa

Laget har fått god dekning av lokalavisene også dette året. Både Grenda og Kvinnheringen tok inn referat frå laget sitt årsmøtet i 2014. Vidare har begge avisene tatt inn lesarinnlegg frå leiar av laget, og begge hadde omtale av møtet i mars. Kvinnheringen hadde og ein flott reportasje om dette arrangement etterpå. Grenda hadde to sider med reportasje frå bygdekvinnelaget sitt prosjekt i Mosambik og reisa dit som to medlemmer var med på.

## Bygdekvinnestreif

Bygdekvinnestreifa vert arrangerte av Hordaland Bygdekvinnelag. Arrangementa er opne for alle.

- 07.02.15      Bygdekvinnestreif I Nordhordland, Hillesvåg Ullvarefabrikk, fabrikk i full drift, men og eit economuseum. 13 medlemmer frå laget deltok.  
20.09.15      Bygdekvinnestreif i Ulvik der ein fekk oppleve siderruta, Hardanger Saft og Sider samt Syse Gard. 3 representantar frå laget deltok.



## Årsmøte i Hordaland Bygdekvinnelag

Helga Fossheim, Marian Thunold og Anna Ingeborg Bjørnebøle representerte laget på årsmøtet. Grethe Brundtland var representant for sentralstyret.

Dimmelsvik, den 30.09.2015

Grethe Brundtland  
Skrivar